

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. (Transport av höy) 2

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjörundfjord

Emne: Transport av höy

Bygdelag: Fjordbotnen

Oppskr. av: Ingv. Viddal

Gard: Viddal

(adresse): Sabö i Sunnmøre

G.nr. 20 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er baade etter eiga röynsle og etter andre heimelsmenn
Oppskrivaren er lærar, född den 22/1 - 1904 paa garden Viddal

SVAR

1. Paa husmannsplassar er höybering det vanlegaste,

~~medan det~~ medan det paa dei vanlege gardane brukast
hest. Utmarksblaatt er endaa bruka paa garden Finnes
og paa gardane ute langs Hjörundfjordstranda.Paa Viddal var utmarksblaatt vanleg til dei fekk ut-
skiftning som vart ferdig i 1930. Daa vart det med
ein gong slutt for dei fleste sitt vedkomande. Paa
husmannsplassane driv dei endaa litt utsblaatt. Og
dei 2 gardane Hole (ved Viddal) som har den beste ~~slatte-~~
slaattemarka i heradet, ~~driv~~ endaa litt utmarksblaatt.All utmarksblaatt er paa strandside, saa höyet vert
heimfört paa baat, dei vanlege gardane brukar "store-
ⁿ baaten", og plassemannen "færingen".2. Höystakkar har mest aldri vore bruaka i heradet,
og her er svart lite utlöer. Daa all utsblaatt fore-
gaard i fjellsida, vert det bruke "höymeisar" som vert
rulla til köyrevegen, der som ikkje höyet vert fört
paa baat. I utmarka vert höyet ofte bore over gyl
eller ut or ryster for aa faa det til lagleg meise-
plass. Det vert og ofte nytta "drogebuske". Reiska-
pen vert kalla "byratög", "byraband" og "drogebuske".
Transport paa denne maaten kallast "aa bere höy",
eller "aa slöge höy", naar ein brukar buske.

2. Framhald. Paa ei "sloge" kunne det vere eit lass eller meir, etter som landskapet var bratt til."Sloga" vart alltid paalest framanfraa og saa attover, og vidna ~~xx~~ sterkt attover.

"Byrabandet" var helst ein tynn hasletein, eller saa eit björkeband, kløyvt og knytt saman i grannenden. Bandet vart lagt med tjukkenden fraa mannen, grannenden vart oppbend over byrda og ryggen heldt han saa fast. Tjukkenden vart lagt over herda, og strypte saman byrda. Naar ein skulle "avlesse", gjorde ein berre ein rykk saa byrda for ut av herda, og grannenden losna, medan bandet skulle haldast att etter tjukkenden. Paa dei smaa gardane som ikkje har hest, har dei "byratog" med ei "hovd" av tre, helst eine, i enden. Den vart saa bukta paa toget fest til, baae endane smett igjennom rundt byrda, slik at dei faar ein ~~mende~~ paa kvar skulder og knyter dei ofte fast rundt livet, saa dei faar ei ell baae hendene frie naar dei gaar. For turrhøy vert det laga fine "kjember" med rive, som vert lagt ~~tværs~~ over banda; dersom ~~høyet~~ vert turka paa marka, eller teke av strengen og lagt i byrda med ein gong, dersom det er turka i hes.

Beraren skulle helst reise seg aaleine med byrda, men var der nokon i nærleiken, fekk han ei hjelpende ~~xxx~~ hand. Byrda vart oppletta attanfraa.

Borna var med i utslaatten naar dei var i 13-14 - aarsalderen. Elles var dei for det meste heime og "röcta" (turka) det heimförde höyet, handrenska "voren" der höyet var oppkasta fraa baaten, köyrde til gards turrhøy og henta hesten or marka til höyfarmen kom.

I heimeslaatten var dei med fraa dei kunne halde ei rive.

Viktigaste transportmidelet i utslaatten, var "höymeisa"; Ho var av to "halvemeisar", - runde stomauska "garn" av hampetog eller kokustog. Undermeisa vart lagt paa marka, og saa vart höyet lagt som ei ~~x~~ rund fast saate oppaa den. Overmeisa vart saa lagt oppaa (baae holvene var like store) og saa vart dei snöpde saman med eit langt "meisebende". Det var to som snörde meisa, og dei "delte" meisebendet mellom seg ved at dei tok midten av bendet inn i kringen av eine holva og saa gjekk til kvar sin kant, og snörde ved aa trede den oppkveila bendehalvparten vekselvis inn i "kringen" (kanten eller jaren) paa undermeis og overmeis, med eit par mauskar eller meir fram for kvart "bensl";

Skulle meisa rulle langt, og lendet ikkje var for bratt, "gjekk dei oppatt" meisa, ved at dei stramma oppatt meisebendet. Naar ei slik fastsnörd meis daa fekk fart, reiste ho seg "paa krängane" (paa det fastsnörde bendet) og fekk daa ei morderisk fart saa det hende naar det var turt lett höy at farta slengde höyet ut fraa midten ~~xxxxx~~ saa det vart eit hol der som paa ein kvernstein. Dette var eit noksaa vanleg syn i Finnesbakkane, (1 km. fraa fjordbotnen) der det var langt til vegen og hardsnörde meisar.

Paa garden Finnes var vidjemeisar sist i bruk, og det saa seint som kring 1920. Det kom av at dei hadde teke ei meisholve forlite, og saa vatt dei "vidjar" og laga seg ei vidjemeis-holve, fordi dei kunne kunsten fraa gamalt. Peder P; Finnes, f. 1809, d. 1899, fortalte at dei brukta vidjemeiser fraa dei högste fjellslaattar, og saa la dei höyet i vanlege meisar naar dei kom i den vanlege slaattemarka. Det var ikkje saa faarleg om desse

2.(Framhald.) vidjemeisane gjekk sundt, daa vyrket til dei voks i marka. Det var vanleg at karane skar vidjane paa vegen opp gjennom marka, og saa "vatt" dei (skar av smaakvistene og skrapa halvt av borken og snara dei opp) paa kvileplassen. Saa hadde vyrke nok til meisane naar dei kom opp der dei skulle brukast; Saa laga dei to runde meisholver ved aa hekte saman vidjane i vidare og vidare ringar. Dei to meisholvene vart saa samansnörde med vidjar.

Förnemnde Peder P.Finnes, saman med drengen, Steffen Nordangshol paa Øye i Hjörundfjord, var ein gong i ein utslaatt saa langt oppe i fjellet at dei laag under ein hellar om natta. Dagen etter la dei saa ei vidjemeis som gjekk heilt ned i den vanlege slaattemarka, og or denne vidjemeisa la dei saa 5- fem - vanlege meisar som dei rulla til sjöen.

Paa Finnes, som er "meisegarden" framfor nokon ~~xxxx~~ annan, reknar dei 5 vanlege meisar til to lass turt höy, og 7 meisar til ein storbaatfarm. Dei hadde för höyet fraa utslaattane i skoglöer, og saa la dei det i meisar og rulla dei ned paa skareföre, for der er for bratt til aa köyre.

Aa "meise" höyet reknast for aa vere bra lettvinnt naar fjöra var slik at ein fekk rulle dei inn paa baaten og rulle dei or att og opp paa vogna. Men naar meisene gjekk paa sjöen, som det saa ofte hende, saa var det eit felt slit aa faa det tunge graset opp i baaten. Elles var det vanleg at meisene maatte tömast för höyet vart kasta inn paa baaten,- ein "la farm" : La höyet i eit högt stål i dei attarste 3/4 av baaten, og saa rodde i framenden. Farmen var serleg hög og brei fram mot roplassen, saa baaten skulle laste seg jamt, og saa laagna han attover. Farmen vart lagd breiare enn baaten. Vart meisane rulla inn paa baaten heile, vart baae endane lasta, og saa rodde ein paa midten av baaten. Löypestreng har vore mindre i bruk i heradet.

Etter 1900 har han vore teken i bruk nokre stader, men etter at utslaaten har minka, var ofte strengen den som fyrst gjekk av bruk.

Kiper eller "~~xxxxx~~" kaser" som dei kallast her, brukast berre til aa bere gjödsel ut med av dei som ikkje har hest, og ikkje til höytransport.

Trillebaarer (kallast "trillar" her) brukast av dei som ikkje har hest, men helst til aa drage turrhöy inn i löa med. Like-eins smaa handvognes (höyvogner)

"Höytrillar" er lenger og lettare enn andre trillar som kan nyttast til köyring av smaastein o.a.

Handbaarer eller stenger med tverrbrett brukast ikkje til höytransport, men til aa bere klippfisk paa under turkinga av den. (Eit noksaa vanleg arbeid her i heradet, serleg paa garden Urke i Nordangsfjord)

"Höytong" av 4 langsgaaande trestavar samanfeste med ein tversgaaande stav i endane, er ukjend her.

3. Paa Viddal hadde dei ikkje utlöer, daa det ikkje var ~~fanntrygt~~ fanntrygt nokon stad paa utböen. Paa Finnes rulla dei meisane paa skareföre fraa utlöene, som för nemnt. Dei andre garane i ~~g~~ heradet köyrde helst paa vinterföre.

Men alle stader var det vanlegast aa ha höyet til gards med same um sumaren, og brukanlite utlöer.

4. I höyonna brukast no berre hövvogn, men för utskiftninga i 1930, för det var skikkelege vegar, vart omlag 3/4 av höyet kört paa dragslede. Daa garden Viddah er noksaa bfatt, brukast ikkje firhjula vogn, men vanleg langvogn med 2 hjul. Vogna brukast og til ved- og strangeköyring, som mest alltid vert køyrd fraa sjöen og til gards. Difor er hjula attanfor midten, slik at lasset vert framtungt. Vognene no er vanleg 1,30 til 1,40 m. brei, og 2,30 til 2,50 m. lang, og no alltid med karm i höyköyringa. Vogna vert alltid kalla "hövvogn, sjölv naar ho er bruka til vedköyring.

No er vogna laga med ein svak böyg, slik at lasset skal vere mindre utsett for aa glide av i bratta.

Men før 1930, naar vognene berre var bruka til aa köyre höyet fraa sjöen og oppover (mest höyet fraa utslaattane, som karakteristisk nok alltid vart kalla "Strandhöy") daa var vognene sterkt oppböygde bak. Dei minste bruka paa garden (3stk.) hadde alltid smaa unge hestar, vintringar eller 2-aaringar, og dertil hadde ei stygg bratt "braut" aa köyre for aa kome til turkeplass eller til gards, dei hadde nokre smaa vogner med svert skarp oppsving bak, saa dei av og til vart kalla "hönsevyla" (hönseveler) Dei var praktiske i motbakken daa meisane eller lasset ikkje glei attover, men dei var udugande unna bakke, daa lasset ville skyte framover. Desse vognene ca; ~~x~~ 1,80 m. lange og 90cm. breie. Desse ~~xx~~ 3 smaabruka var "halvejorer", medan dei 5 "nigarsbruka" (av "ned i garden", i dagleg tale: "Niggaren") var 3/4 av dei 2 siste som var "heilejorer". Og vognen og hestane voks med bruket, slik at "heilejoringane" oftast hadde 3-aaringar. Det mellomlaget som dei fekk naar dei bytte hestar, höyrde med til dei visse innkomene, og difor var det alltid mykje unghest, og reiskapen vart deretter: Små vogner og små sledar.

I samband med den bratte brauta som smaabruka laut köyre höyet i, kan nemnast at før vognene kom i bruk, ikring 1870-80, la dei "lunnar" i brauta som meiane ~~skulle~~ skulle gli paa, slik som ein brukar i stöa til baatane. Slike "lunnabrauter" var vanlege andre stader og, t.d. paa garden Aklestad i Bondalen, (hovudbygda) der ein ~~gårde~~ gardsveg kallast "Lunnabrauta" den dag i dag.

Höysledar var det to av paa kvart bruk, og meiane varde aldri vinna ut, men maatte "drøgast": Det vart paafora ein halv mei under, gjerne av ein gamal halvsleten mei, eller saa av nytt vyrke. "Droga" var innfelt i meihalsen (som ikkje var sleten, daa han ikkje naadde ned i steinane) og hadde saaleis berre halv halsböyg; eller knapt det. Det var lest vanleg vognlass paa desse sleane naar ein berre köyrde unnabakke.

Tyngst var det for dei små hestane aa drage tom-sleden oppover dei bratte, steinute vegane attende til höyplassen, og det var ikkje mange stega dei sleit seg i hissige spurtar för dei ville kvile. Det var falt!

"Hjulslede" er ikje bruca som namn paa köyrereiskap her, men fraa gamalt bruca dei det namnet paa sume gardar paa gjödselvogna. Den vert no av alle kalla for "mykravogna".

Ikkje noko slede hadde skonång paa summarföre, og ~~kl~~ heller ikkje hadde moldsledane eller vedsledane skoniång. Paa summarföre brukar ein no slede til, aa köyre mjölna fraa setra. Daa brukar ein slede halve vegen, daa det ikkje er vognveg lenger, og saa maa ein skifte over til vogn og köyre paa den, siste holva til sjöen.

4. Framhald. Det var ikkje reglar for kvar ein fekk bruke sleda eller vogn. Ein brukte det der det var mest praktisk, og vognbruken var noksaa avgrensa, daa det ikkje var vegar.

Til kornköyringa brukte ein to sleda og "vogna", daa ein hadde berre ei vogn. Grind var det ikkje paa vogna, korkje til höy-eller kornköyring. Grind, eller "karm" som det vert kalla her, kom først i vanleg bruk paa Viddal etter utskiftinga i 1930. Paa andre gardar i heradet der det var gode vegar, som Øye i Norangsfjord, og i Bondalen, (hovedbygda) har karmar vore i bruk 15 - 20 aar lenger. Dei vart og brukta under kornköyring, men daa helst slik at sidekarmane vart avtekne, og ein brukte berre endekarmane.

Naar "smaahöyet" skulle köyrast fråa fremste böen paa Viddal, brukte ein alltid sleda, daa det ikkje var vognveg dit. For aa halde lasset paa plass, brukte ein daa alltid "lasseved" ("lassevid" med open i).

Det var nokre smaa orebuker som vart lagde paa tvert framme og bak, og vart haldne paa plass av "tongsimen", som ein gyrdet tonga fast med. Saa stakk ein to "langbusker" (ogsaa av ore, daa var fullt av den alle stader) med tjukkenden inn i tonga framme, og la dei saa med flatsida langs lasset, og gyrdet dei fast med ei ekstra gyrding som kallast "midgyring", som hadde ein "gyrakrok" i enden. Denne midgyrdinga vart strypt rundt lasset til slutt, etter at tonga var gyrdet fast. Midgyrdinga vart ~~pa~~ sett litt attanfor midten av lasset. Tonga var av fire langsgaaande "remar" av kløyvd selje, og største avstanden var mellom dei to inste. Avstanden skulle vere saapass at den som var i lasset og "leste", (tok mot og la til höyet) skulle smette opp gjennom dei naar tonga vart lagt paa. Det var daa ofte tale om "aa vere skapt til aa smette tong": Aa vere smal. ~~Maxx tangxin~~

Til den tversgaaende ribba framme var saa "tongsimen" fest, gjekk rundt "veiendet" (det tversgaa-ande treet som heldt sleden saman framme) og laag saa paa botnen av sleden, og gjekk gjennom eit hol i det bakarste tvertreeet paa sleden, og vart saa lagt rundt ein nabb paa ca; 12 cm. lengd midt paa attarste tverribba paa tonga. Naar lasset saa skulle gyrdast, tok mannen "tongsimen" rundt bakenden sin, og hengde seg i med spenn-tak i lasset, og brukte all si makt. Saa galde det aa "halde slakken" saa ikkje gyrdinga slakna oppatt naar ein skulle feste. Det vart gjort med eit raskt tak rundt nabben med handa, eit kast eller to rundt nabben, og saa utover tverribba paa tonga, som stakk ut 10 - 12 cm., og var tilspissa og avrunda til det bruk. Saa tok ein nokre kast utover baae ribbe-endane til "tongsimen" var paahavd, og saa slo ein "halvstikk" paa nabben til slutt. Var "tongsimen" lang nok, tok ein eit kast rundt lasset og sleden eller vogna bak, og saa oppatt paa nabben, eller om ein ikkje rakk saa langt, - opp i tongarema paa andre sida. Denne ekstrasvingen kalla vi "aa stage lasset", og det vart daa sjeldan brukta midgyrding.

Det vart lagt svert stor vinn paa aa gyrdet lasset skikkeleg, og det kunne trngjast paa dei eventyrlege elvefara som vart kalla vegar, og det hende ikkje saa sjeldan at lasset skaut til sides eller fram, saa köyraren laut lesse om att. Var det difor born som hadde leid, saa venta dei med gyrdinga til köyraren kom, og saa gyrdet han, og brukte all si makt.

4. Framhald. Til sist vart saa lasset avraka ("taraka") med rive, framanfraa og attover, saa alt laust höy laag att paa lesseplassen. Elles ville det verte attliggjande paa vegane under den risting og skaking og hiving som lasset vart utsett for. Höyköyringa var det siste arbeidet ein unggut fekk byrje paa, for det kravde sin mann, og var ikkje utan faare for hest og mann. ☒

Ein gav seg oftast god tid til aa gyrdde og stelle lasset, for det var lang veg, og god tid før köyraren kom att. Det hende difor at det vart bruka 15 - 20 min. paa gyrding og lassebusker og avraking etter at lasset var lest.

Det var berre dei største bruka som bruka nabb paa tonga til aa feste tångsimen med. Dei andre hadde eit avrunda "hakk" midt paa tverribba som tongsimen glei paa. Ein feste daa paa den maaten at ein la tongsimen over tverribba og rundt ~~og~~ nedom, og saa ut paa ribbenden slik at simen vart liggjande over den oppgaa-ande delen, saa over til den andre rimbæ-enden, og tilbake, til ein feste enden med halvstikk paa eine ribbe-enden.

Den rimelegaste aarsaka til at det var skilnad paa dei smaa og dei store bruka i dette, trur eg kom av at tonga var mindre og spinklare paa smaabruka, fordi lasset og sleden (og hesten) var det, og ho kunne difér ikkje tole at nabben vart nedtappa i tverribba paa tonga, for det var ei kolossal paakjenning naar mannen hengde seg oppi med all si tyngd, og tok spennetak attpaa.

Det var elles noksaa vanleg at det vart bruka ei meisholve oppaa lasset paa det minste höyet, under tonga, og dertil lassebusker. Desse meisholvene var daa ekstra lette, og vart ofte bruka til aa bere höyrestar i fraa lassestaden eller fraa "smaaflekkar". Ein la daa höyet i meisa, tok saman kringane med hendene, og slengde byrda over herda.

Det var ikkje nokon regel for storleiken av siste lasset. Oftast vart det størst fordi ein gjerne ville sleppe aa gaa ei vend til, for det tok to timer for kvart lass den lengste vegen. Men lassestaden skulle vere heilt reingjord saa det ikkje viste kvar ein hadde lest lasset. Dette var uvanleg viktig, og har ofte av unge tenrarar vore opfatta som reine girugskapen. Men faktum var at det var eit merke paa vyrdnad og orden i arbeidet, og slurving her vart strengt dømt. Ein kunne gjerne kaste det siste oppsopet bort paa höyet til ~~grannen~~ grannen; men reint skulle det vere. Det kan i dette höve nemnast at ein mann brukte aa breie storseglet sitt ut i fjöra der han la farm i baaten, berre for at det ikkje skulle ligge att höyrestar. Og daa vi borna var for smaa til aa vere med i utslaatten, laut vi alltid handreinske "höyvoren", (der höyet var oppkasta or baaten) etter kvar höyfarm. Ja, det hende at vi var saavidt ferdige til neste höyfarm kom, men reiskast skulle det. Og saa skulle vi "vere i arbeid" i slaatten, og ikkje gaa og slenge. Difor og denne reinskinga som me fann var saa bortkasta, naar dei straks etter kom og kasta höy nedpaa att.

Stong over lasset istaden for tong, vart ikkje brukta. Tonga paa slede og vogn var like, og til kornköyringa vart bruka same slede og vogn og tong som til höyköyringa, men her var det aldri tale om "lasseved". Heller ikkje paa langhöyet.

4. Framhald. Naar smaahøy som var turka paa mark, skulle lessast paa slede, var det vanleg, om ein hadde tid, aa "lage kjembe". Daa raka ein inntil fötene sine fraa höydungen eit breitt flatt fang, mest raad var firkanta. Denne "kjemba" la ein saa nedst og gav lasset form med, og saa var det lettare aa faa lasset til aa sitje av slike kjember. Like-eins naar det var eit ekstra stort lass, saa det maatte leggjast utom sleden for aa faa det stort nok. Daa lönte det seg den tida ein brukta til det, for tok ein berre eit vanleg fang og la paa botnen eller ut paa kanten, saa kunne ein "rake ta" mest halve lasset, for höyet var saa uvanleg stutt paa fremste böen, og vart mest alltid for turt.

Slike kjember kunne ein og av og til leggje paa toppen av lasset, saa riste det ikkje saa lett laust.

Ein maa sjölv ha vore med paa slik lessing for aa forstaa kva tid som gjekk med, men folk var godt hjelpa daa, og lessarane (2 stykker) hadde vanleg god tid før köyraren kom att.

Det er ikkje rart at ein no med karmvogner og vegar kan klare seg (maa klare seg) med 2 eller 3 vaksne mindre enn för.

Toget som ein gyrdar lasset med, kallast som nemnt "tongsime", og laut vere nytt og sterkt. Det hadde ikkje nokon krok eller hovold som "mijyringja" hadde. Den vart som nemnt gyrdar med ein vanleg "jyrakrok", av same slag som ein brukta til aa gyrdar vedlasset med. Dei som brukta byrdatog, hadde ei hovold av ringbøygd eine, og med toget fest om dei samanlagde endane.

Höystakk eller vinterlass var ikkje brukta h~~g~~aa oss, og eg har heller ikkje höyrt noko om det var noko aa ta omsyn til eller nokon skilnad paa sommarlass eller vinterlass.

Det har aldri vore to hestar i bruk paa Viddal, og heller ikkje har det vore brukta to hestar for höysleden eller vogna der dei har to hestar i bruk.

5.

Ved samslaatt (som det ikkje var mykje av) vart höyet meisa til sjöss og fört heim paa vanleg maate, og saa vart höyet delt fangenvis i 10 dungar, saa snudde ein seg fraa, medan ein annan peika paa dungane og sa etter kvart : "Kvann skal ha dinna?". "Blindaren" ropa saa opp kven som skulle ha dungen etter kvart. Denne delingsmaaten var og alltid brukta naar notafisk skulle delast (15 partar) eller naar fleire var paa fiske saman.

Utslaatthöyet vart heimköyrt etter kvart, og det var saaleis ikkje noko sambröyting for höyköyring. Men det var vanleg at dei som hadde ved i dalen, slo seg saman om bröyting for vedköyring. Like-eins naar det skulle köyrast mold.

6.

Garden Finnes har fraa gammalt haft utlöer, og höyet fraa dei vert meisa paa skareföre ned til vegen, og saa köyrt til löa paa slede.

Elles har det saavidt eg veit ikkje vore nokon sams köyredag av höy paa vinterföre i nokon större maalestokk her i heradet, slik som ein ofte höyrer om fraa andre bygder.

For aa faa fram for eit kav og bal det var med dette "Strandhøyet", skal eg skrive om korleis det var i eit slätte som kallast "Lars-Slätte".

Det var aa reise om morgenon i 7-tida heimanfraa, og ha med seg mat (spikeflesk og poteter, eller kald graut og surmjölk) river og höymeisar. Vegen til sjöss var ikkje lang, berre 2 - 300 m. Saa var det aa "flote" (skuve ut) "storebaaten" og ro over fjorden, som her er vel 2 km. brei. Saa var det for karane aa leggje "meisebyrer", som ein laga av meisebendet og meisene. Det var ei kunst som maatte lærast det og, for det var langt og bratt aa gaa, og skulle ein saa mödast med ei laus byre som seig av lage, vart det ikkje lettare. Ein laga til passeleg lange tampar av meisebend-endane, og saa brette ein meise holvene saman til passeleg vidd for ei byrde paa ryggen. 2 meisar (4 holver) var ei tung byrd, men ikkje saa sjeldan laut ein bere meir, om det var store slætter. Naar ei meisebyrd var ferdig, la ein seg ned og tok bende-endane gjennom bukta, slik at dei strypte til ved nakken. Saa stakk ein baae hendene under "fatlane" (som naar ein tek paa seg ein ryggsekk), strypte til og reiste seg med byrda paa ryggen. Ein tok saa baae endane ~~xmit~~ framover skuldrane, ned og i kors paa ryggen under byrda, og fram att paa magen der ein knytte. Daa fekk ein hendene fri, og bar riva si i den eine og eit matkjeralf i den andre.

I det stupbratte lendet og i solvarmen er desse meisebyrdene noko av det som sit best i minnet. Dei kjendest tunge som bly til slutt.

Etter kvart som ein kom oppover, la ein fraa seg meisene paa dei faste meiseplassane, daa ein visste kor mykje höy det trengdest til kvar meis.

I "Lars-slættet" raka ein fyrst nokre smaa "glenner" i skogen i övste delen, og bar dei til "meisestriket", ei brei "glenne" som meisene rulla etter. Saa spente ein höyet nedover til meiseplassen, der fyrste meisa var lagd. Slik bar ein fraa sidestrika inn til meisestriket før alle meisane (5/ialt) Saa rulla meisane til "Middagshamaren". Der "rippa" (löyste ~~xin~~ opp) ein alle meisane, og saa var det aa "Brenge" höyet paa snei bort til eit anna strek. "Aa brenge höyet" vil seie aa stille seg opp og sende fang for fang fraa mann til mann. Ein stod daa slik at ein hadde höyet ovanfor seg, saa det ikkje fekk rulle undan bakke dit det ikkje skulle. Var det for langt aa "brenge" höyet, laut ein bere det, og brukaa daa vanlege hasleband, som ein brukaa fraa smaastreka övst i slættet. Saa var det aa setje seg ned og spenne höyet ~~xitux~~ ned til og ut for Storhamaren, som var 25 - 30 m. hög. Eit stykke nedi han var det ein liten hamar som det la seg att höy paa, og saa var det aa slaa paa seg eit meisebende og fire seg ned og reinske den avstøtsen, for det var uraad sjölv for den flinkaste fjellmann aa gaa der utan tog.

Alt höyet nedanfor Middagshamaren vart ikkje lagt i meis, men vart lagt paa "drogebusker" og drege til striket ovanfor Storhamaren, og saa spent utfor den ilag med det andre. Saa var det aa gaa ned under Storhamaren og setje seg ned og spenne höyet til sjöss, omlag 75 m.

Ein maatte daa take passelege "spenner" i gongen, og sat gjerne 3 mann i breidda, men det vart mange turar.

Saa skulle höyet inn paa baaten og roast over fjorden, opp or baaten att og köyrast til turkeplassen.

Det var eit sinnsvakt slit som sette berre vonde minne, og gav inga arbeidsglede, som elles er saa vanleg paa ein bondegard.

Vi hadde andre sløtter som ikkje kunne meisast, og som dåfor måtte spennast heile vegen. Slik var det i eit som kallast "Sjur-sløtten". Og spenning av höyet var no elles noksaa vanleg i alle slaateteigar.

Eg kan i det höve nemne at det var ein plass vi spente höyet paa eit svaberg, og daa var det vanleg at vi rann med höypenna eit langt stykke, og sopa med oss höyet i farta. Det var der ufaarleg, men mannen måtte vere med, elles stoppa höyet.

Tyngst var ofta höyberinga i ulende. Vi hadde og ein teig som kallast "Röryholmenden". Den var i ei gylsilde, og daa snöfonne gjekk tungt her kvar vinter, var marka uvanleg hard og glatt. Det var "strøkmark" som vi seier, og den er faarleg baade for folk og fe.

Alt höyet fraa "Röryholmenden" måtte berast eit ~~xxx~~ langt stykke, før det kunne leggjast i meis som vart rulla ned i eit mindre gyl, og derifraa laut dei rullast kast for kast til sjös, omlag 400 m. Gylet var steinut, og kom det daa regn, saa var det aa rulle dei tunge meisane i elvefaret som straks laga seg, saa meisene spruta vatn rundt seg naar dei rulla.

Dette sløtten vart det elles slutt med saa tidleg at eg ikkje var med der, men eg hugsar godt at folket vaart slo der. Men der var ikkje verande for born, og daa eg var konfirmera (1918) var det slutt med slaatten der.

Men der höyet fraa "Röryholmenden" vart lagt i meis, i sjölve "Röryholmen", der var godt aa slaa og rake, naar ein berre kom seg opp med ~~meisbyrdene~~ meisbyrdene, og der var eg med fleire gonger. Og meisrullinga ned, var den same som fraa "Röryhomenden".

Lettaste teigane hadde vi i "Djuvika". Der var ein stor teig som vi hadde arbeid med i vel ei veke før alt var heime. Han heitte "Hauola-teigen" etter garden vaar som kallst "Hauola-garden". Der var det for det meste aa leggje höyet i meisar, og saa rulla dei til sjöss sjølve. Men der var styggbratt sume stader, og ein plass som vi kalla "Toppene", var det berre gode fjellfolk som kunne slaa og rake. Det var den siste teigen eg var med aa slaa aaret før utskiftinga var ferdig. Etter den nekta eg aa vere med paa noko strandslaatt, og det vart heller ikkje med dei andre, endaa dei tykte det var rart aa bryte ein gamal skikk.

I ein av teigane til naboane vaare der i Djuvika, slo én gut ihel. Han kom berande med ei höybyrd, og saa steig han paa eit svad som det laag laust höy paa, og saa glei han og kanta laust, og lendet var saa bratt at han slo ihel. Han heitte Ole Johannes Viddal.

Det kunne elles skrivast mange böker om slaattemarka og hendingar der. Men endaa betre ville det vere om dette arbeidet kunne filmast. Det burde vere gjort medan det endaa finst folk som kan det. Unggutane heime no, kan det heldigvis ikkje, men det ville vere eit eventyr utan like for komande mitter aa faa sjaa korleis det gjekk for seg, og det var noko som ville interessere langt utom landegrensene. Det kunne vere ei oppgaave for "Lydfilmavisa", men om N; Etn. G. kunne faa det gjort, ville det vere betre enn all verdens skildringar av arbeiet, for det maa sjaaast for ein retteleg kan skyne det eller tru det som vert fortalt. Naar ein no reiser ein sumardag paa rutebaten langs fjorden og fortel folk kvar dei slo "i gamle dagar", saa faar ein eit lite ironisk smil til svar, som tydeleg seier at det vert oppteke for skryt og skrön.

Garden Björke hadde elles mest slaattemark av alle.

Garden Bjørke ligg i inste enden av Hjørundfjorden, og karane der slo til bytes med karane fraa garden Saure paa Skjaastaddalen, som gaar opp fraa Bjørke, og dei slo til bytes med Leirakarane paa nordsida av fjorden paa ein plass som heiter "Alflærne". (Kanskje det skal vere "Halvflærne, for det snakkast "halvemaal" her)

Vidare slo dei til bytes med Finnes-karane paa sörsida av fjorden, og saa hadde dei nokre slaatteteigar dei hadde ~~fanst~~ faatt ved arv utanfor slattemarka til viddölene, til bytes med garden Skaar. Fraa denne siste utslaatten trong dei sikkert over 4 timer til aa ro höyfarmen til Bjørke.

Dei slutta litt etter kvart med strandslaatten dei og, serleg etter ei utskifting dei hadde i og no er det mange aar sidan dei slo i utmarka.

Garden Hole, ved Viddal, hadde og har den beste og lettste vintaste slaattemarka, daa der er passeleg halling, og ~~x~~ uvanleg slett. Dei førde heim mange farmar kvar haust, og det var ikkje langt aa ro, berre 10 - 15 min., og ikkje bar det saa lant til fjells heller, for dei hadde stor viiss aa ta av nede ved sjøen. Dei har lite heimebö, og driv utslaatt endaa, og det løner seg, daa det er saapass lettvint. Dei slepp meising, og der er fint og godt gras.

Den tida ein slo kvar utslaatt i Viddal, rekna ein at 6 vaksne menneske hadde arbeid i 6 veker. Dei slo praktisk tala med det var snölaust, berre med stutte opphald naar dei skar kornet eg slo "hoa" (haagraset).

Men daa fanst der heller ikkje mark med "tenkjande eller utenkjande" slaatt som stod att, fraa satra og til saa langt ut paa stranda paa baae sider av fjorden som dei aatte, og saa högt til fjells som det vaks gras.

"Storflaa-a" under "Staalberghornet" var sikkert den som laag högast over havet, og det var samslaatt.

Slik rasa dei rundt i fjella, medan garden heime laag udyrka og veglaus. Steinut som garden er (det vanlege er 1000 til 1500 lass stein pr. maal nybrot) og med dei hjelpe midlar dei hadde (eller rettare ikkje hadde) syntest dei det lönnte seg betre aa ta graset i fjellet. Noko som og vog tungt, var at alle vaksne karar var i vintersfiskje, og ingen var att til aa köyre all denne steinen, som maatte bort paa vinterføre.

Saa kom den generasjonen som overtok kring 1930, og som laut ta utskifting med medfylgjande utflytting, og byggjång av ~~kaur~~ meter vognveg dei har, dessutan nybyggjing av stove og fehus, og dessutan oppdyrkning av jorda. Dei har mangedubla avlinga paa böen, og dreve gardane fram saa det er som eit eventyr. Dei har gjort "verk som varer", medan forfederne sitt arbeid ikkje var gagn lengre enn til "naraste vaarknipe". Men "arbeidsky" var dei ikkje desse som dreiv med strandslaatten, og arbeidet i marka var saa merkeleg at ettertida bör vite om det.

Til

Norsk Etnologisk gransking
Bygdøy.

Hermed kjem svar paa emnet om höytransport. Det er ikkje saa godt aa vite kva ein skal ta med i slike höve, og eg har difor kanskje teke med formykje. Men det var vanskeleg aa la vere, for höytransporten i Hjörundfjord er saapass sermerkt og har vore saa tungvint at det lett vil verte i messte lag naar ein skal til aa fortelje om det.

Eg sender ikkje med noko teikningar denne gongen, for eg vil fyrst freiste aa faa tak i nokre biletet, og skal saa freiste aa gjeve nokre riss av det eg ikkje kan finne biletet av.

Vil vere takksam for rettleiing i svaringa paa grunnlag av det innsende denne gongen. Har teke mot neste emnenummer, om Bryne, og skal svare paa det og saa snart eg faar tid. Kan elles nemne at vi i sogelaget her nett held paa aa skrive Bygdesoge, saa det har vore dubbelt interessant aa arbeide med dette emnet, som er eit stykke soge.

Men dette arbeidet i sogelaget har gjort at svaringa har teke mykje lengre tid enn eg trudde.

Som det viser av vedlagde svar, saa skreiv eg ikkje paa baae sider av arket med same, for eg var ikkje merksam paa at baae sider skulle brukast før dei var skrevne.

Som det vil vise, saa har ikkje denne skrivemaskinen alle vanlege bokstavtypar, saa det vert dubbel a for å, og ø har eg freista faa til ved aa slaa e med ein annan bokstav utanpaa. Der dette kan ha skapt tvil, skal det altsaa vere ø.

Sambö i Sunnmöre den 20. mars 1947.

Vyrdsamt

Ingv. Nidelv

329

329